

Bøndene tek ansvar og dyrkar meir


13.03.2012



Nydyrkarar samla på dyrkingsfeltet til Lars Haugland som står saman med sønene Øystein og Johannes, Svein Ottar Rørheim, Runar Myklebust og Olav Hjetland Bringedal

Uskedalen har eit knippe med driftige og samvetsfulle bønder og no markerer dei seg på ein ny og positiv måte. Dei satsar på nydyrking. Oppe i dalen dyrkar Svein Ottar Rørheim opp 20 mål og Lars Haugland 5 mål medan Runar Myklebust legg til rette 15 mål på Rød.

Ei tilsvarande satsing har ikkje funne stad i jordbruket på våre trakter på lenge. Tilskotsordningane forsvann og nydyrkinga vart hemma frå slutten av 1900-talet.



Runar dyrkar på Rød

- Det som skjer er at bøndene våre er sitt ansvar bevisst og tek det, seier bondelagsleiaren i Uskedalen Olav Hjetland Bringedal til uskedalen.no og minnar om det som skjedde i fjor. I samband med den såkalla bodstikkefesten.



[Svein Ottar dyrkar oppe i dalen](#)

- Då gjekk vi ut og oppmoda bøndene om å leggja til rette for auka matproduksjon i kommunen. Vi minte om at sjølvforsyningsgraden må aukast med 20 prosent fram til 2030 hvis vi skal halda tritt med auken i folketalet.

I fjor lova bøndene våre å ta fatt på denne oppgåva og nydyrkinga som no skjer syner at dei er villige til å ta ansvar og halda ord, Dei tek i bruk dei areal som kan nyttast til mat, seier Olav, som sjølv satsar på sau og difor ikkje har så stort behov for nydyrking. Han kan i større grad nytta utmarksbeite enn dei som driv mjølkeproduksjon. Dyrkinga som no skjer går føre seg på leigd grunn og dyrkarane synest det er grunn til å berømma eigarane for det.

Fleire av bøndene oppe i dalen har sett seg nødt til å dra til Sverige for å sikra seg høyensillage men det er minst dobbelt så dyrt som alternativet frå Noreg og kvaliteten er som regel dårlegare. Då er det trass i alt betre å dyrka på heimleg grunn.

Fredag og laurdag skal årsmøtet i fylkesbondelaget haldast i Rosendal. Olav skal representera det rekonstruerte bondelaget her i bygda og han reknar med at sjølvforsyningsgrad vert eit mykje brukt stikkord. I slutten av mars står pløyekurs på Heio på programmet,

No er det 50 bondelagsmedlemmer i bygda og det stoppar nok ikkje der med den aktivitet som set sitt preg på laget.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Driftig bondelagsleiar - Olav Hjetland Bringedal